

# Planprogram

Detaljregulering for Kvalneset masseuttak  
og deponi



## Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar:	Franzefoss Gjenvinning AS
Tittel på rapport:	Planprogram
Oppdragsnamn:	Franzefoss Gjenvinning-deponi Kvalneset Masseuttak
Oppdragsnummer:	643966-01
Utarbeida av:	Irene Dyrnes Rokstad og Anna Hellstrøm
Oppdragsleiar:	Astrid Drake
Tilgjenge:	Open

## Kort samandrag

Masseuttaket på Kvalneset har vore i bruk sidan 1965.

Det er no ønskje om å også bruke området for ordinært deponi av masser. I tillegg er det ønskje om mellombels lagring og behandling av masser. Da gjeldande reguleringsplan ikkje legg til rette for dette er det behov for ny reguleringsplan.

Dette planprogrammet utgjer dermed første steg i arbeidet med reguleringsplan og konsekvensutgreiing. Planprogrammet skal skildre formålet med planarbeidet, og avklare rammar og premisser for den vidare prosessen. Planprogrammet viser forslag til kva tema som skal konsekvensutgreiast.

Vidare skal planprogrammet gi informasjon om medverknad og høve til å komme med innspel til planarbeidet.

01	17. sep. 2024	Nytt dokument	IDR	AH
Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS

## Innhold

1. Bakgrunn	4
1.1. Tiltakshavar og konsulent	4
1.2. Hensikten med planarbeidet	4
1.3. Krav om konsekvensutreiing	4
1.4. Planprogrammet	4
2. Beskriving av tiltaksområdet	6
2.1. Plassering	6
2.2. Avgrensing av planområdet	7
2.3. Planen	7
2.4. Alternativ	8
3. Gjeldande planer, retningslinjer og føringar	9
3.1. FN's berekraftsmål	9
3.2. Statlege retningslinjer	9
3.3. Regionale føringar	10
3.4. Kommunale planer	10
3.5. Tidlegare vedtak i saken	11
4. Oversikt over tema som skal konsekvensutgreiast	12
4.1. Generelt om tema som skal konsekvensutgreiast.	12
4.2. Konsekvensutgreiing	12
4.3. Risiko- og sårbarheitsanalyse	13
5. Planprosess, medverknad og framdrift	14
5.1. Informasjon og medverknad	14
5.2. Framdriftsplan	15
5.3. Andre naudsynte godkjenningar for deponiområdet	15

# 1. Bakgrunn

## 1.1. Tiltakshavar og konsulent

Prosjektet er eit samarbeid mellom Ulstein Betongindustri og Franzefoss Gjenvinning.

Asplan Viak er engasjert som fagkyndig plankonsulent. Kontaktperson er arealplanleggar Anna Hellstrøm.

## 1.2. Hensikten med planarbeidet

Masseuttaket på Kvalneset har vore i bruk sidan 1965.

Det er no ønskje om å også bruke området for ordinært deponi av masser. I tillegg er det ønskje om mellombels lagring og behandling av masser. Da gjeldande reguleringsplan ikkje legg til rette for dette er det behov for ny reguleringsplan.

## 1.3. Krav om konsekvensutgreiing

Tiltaket er vurdert å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing §8 punkt b og vedlegg II. Planer etter plan- og bygningsloven og tiltak etter annet lovverk som skal vurderast nærare:

*Nr 11 k) Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m<sup>3</sup> masse.*

Det er lagt til grunn at tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn og at kravet om konsekvensutgreiing er til stades.

## 1.4. Planprogrammet

Den viktigaste funksjonen til et planprogram er å avklare kva tema som skal utgreiast, og korleis utgreiinga skal gjennomførast. I høve med forskrift om konsekvensutgreiing § 8 er det ikkje krav om at det bli laget planprogram for konsekvensutgreiinga for et tiltak som dette. Planprogram er likevel utarbeida ettersom det bli bidra til å skape ei føreseieleg planprosess der partane er ense om kva som skal inngå i konsekvensutgreiinga.

Dette planprogrammet utgjør dermed første steg i arbeidet med detaljreguleringsplan og konsekvensutgreiing. Planprogrammet skal skildre formålet med planarbeidet, og avklare rammar og premissar for den vidare prosessen. Planprogrammet viser forslag til kva tema som skal konsekvensutgreiast.

Vidare skal planprogrammet gi informasjon om medverknad og høve til å komme med innspel til planarbeidet.

Planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn og høyring saman med varsel om oppstart av planarbeidet. Innspel til planprogrammet må behandlast før kommunen fastsett planprogrammet i eige vedtak. Deretter blir planforslaget utarbeida.

## 2. Beskriving av tiltaksområdet


### 2.1. Plassering

Planområdet ligg om lag 6 km sør for Ulsteinvik langs fylkesveg 61.



Figur 1 Planområdet ligg sør for Ulsteinvik.

## 2.2. Avgrensing av planområdet



Figur 2 Forslag til plangrense til varsel om oppstart

## 2.3. Planen

Planområdet bør omfatte heile gjeldande reguleringsplan for Kvalneset masseuttak. I tillegg bør planområdet omfatte området som allereie er opparbeida rett vest for planområdet, ved porten til masseuttaket.

Det har i lang tid vore masseuttak på Kvalneset. Anlegget er godt skjult i terrenget og lite synleg frå riksvegen. Gjeldande reguleringsplan føreset at området blir nytta som deponi for reine masser etter avslutta masseuttak. No er det ønskeleg å legge til rette for deponi av ureine masser i tillegg (ordinært deponi.) I fylket er det i dag berre tre andre ordinære deponi og det er behov for fleire. Inerte masser, muddermasser, blåsesand, framande planteartar (til dømes lupiner, legepestrot og parkslirekne) og forureina masser vil være spesielt aktuelt å ta mot i området.

Endringa betyr lite for landskapsbildet, støy og støv samt trafikk. Den største forskjellen er at endringa vil krevje større kontroll og betre reinsing av sigevatn.

## 3. Gjeldande planer, retningslinjer og føringar

### 3.1. FN's berekraftsmål

FNs berekraftsmål er verda felles arbeidsplan for å imøtekomme dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekkja sine behov. Dei består av 17 mål og 169 delmål. Måla har stor innverknad på norsk politikk på alle forvaltningsnivå. Berekraftig utvikling består av tre dimensjonar: Økonomi, miljø og sosiale forhold. Mål 14 om livet i vatnet er spesielt relevant.



Figur 3 FNs berekraftsmål

### 3.2. Statlege retningslinjer

Relevante retningslinjer for planarbeidet er følgende:

- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)
- Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T1520-2012)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)



- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021)
- Statlege planretningslinjer for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging (2014)

### 3.3. Regionale føringar

Regionale myndigheiter har ansvar for den regionale utviklinga og arealforvaltninga på tvers av kommunegrensene. Regionale planer er retningsgivande for den kommunale planlegginga og grunnlag for å vurdere motsegn. Gjeldande planstrategi for Møre og Romsdal blei vedteken i 10.06.2024. Planstrategien er bygd opp rundt FN sine berekraftsmål og dei tre berekraftsdimensjonane, som har gitt føringane for dei fire langsiktige utviklingsmåla som er sett for Møre og Romsdal:

1. Samarbeidsfylket - Møre og Romsdal skal vere god på regionbygging og samarbeid
2. Miljøfylket - Møre og Romsdal skal vere pådrivar for å løyse klima- og miljøutfordringane
3. Inkluderings- og kompetansefylke - Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og inkluderande fylke der folk vel å bu
4. Verdiskapingsfylke - Møre og Romsdal skal ha eit konkurransedyktig næringsliv og ein innovativ offentleg sektor


Andre regionale planer som legg føringar for planen er:

- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028
- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi 2023 - 2026
- Regional plan for vassforvaltning 2022 - 2027

### 3.4. Kommunale planer

#### Kommuneplanens arealdel


Kommuneplanens arealdel blei vedteke 28.03.2019. Kommuneplanen viser at reguleringsplanen gjelder i området. Det er eit stort område markert med omsynssone for ras- og skredfare. Lenger ned på Kvalneset er det satt av område for ny næring. Det er også markert omsynssone for fleire automatisk freda kulturminne.



Figur 4 Kart som viser kommuneplanens arealdel ved Kvalneset.

## Reguleringsplan

Reguleringsplan for Kvalneset masseuttak (PlanId 201100004) vart vedteken 05.02.2015.



Figur 5 Kart som viser planområdet for reguleringsplan for Kvalneset masseuttak. Grøne områder dannar skjerm rundt masseuttaket.

### 3.5. Tidlegare vedtak i saken

Det blei starta arbeid med reguleringsplan i 2019-2020, men det arbeidet er avslutta etter å ha lege nede en periode.

## 4. Om konsekvensutgreiinga

### 4.1. Generelt om tema som skal konsekvensutgreiast

Det er berre tema som har vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn som blir omfatta av kravet til konsekvensutgreiing. Det gjeld tema landskap, samfunn, vassmiljø og støy.

Skred frå bratt terreng vil bli utgreia som del av risiko- og sårbarheitsanalysen.

I tillegg til desse tema vil en rekke andre tema bli gjort greie for i planomtalen. Her inngår mellom anna trafikkkløysing, miljøoppfølging, landbruk, kulturminne, naturverdiar, energibehov, forureining i grunnen, luftforureining, beredskap og ulykkesrisiko samt interesse motsetnader.

### 4.2. Konsekvensutgreiing

Utredningstema	Grunnlag for mogleg vesentleg verknad	Innhald og omfang. Metode og kartlegging.
Landskap	Etter førre reguleringsplan har det kome registrering av verneverdig kulturlandskap, «Grøne korridoren», som omfattar heile deponiområdet etter førre reguleringsplan.	Kartlegging følgjer Miljødirektoratets instruks og vidare KU-metodikk i M-1941. Det vil bli utarbeida 3D-illustrasjonar basert på terrengmodell for forskjellige fasar av drifta. Det blir et eige kapittel i KU.
Samfunn	Det er få andre deponi og områder for massehandtering i regionen. Derfor er det forventat at tiltaket vil få verknader utanfor planområdet.	Ringverknader og moglegheiter som følgje av utbygginga blir drøfta. Det blir et eige kapittel i KU.
Vassmiljø	Vassforekomsten Botnavika, utafor Kvalneset, har svært dårleg økologisk tilstand. Det vil bli etablert	Kartlegging følgjer Miljødirektoratets instruks og vidare KU-metodikk i M-1941. Kartlegging av kjemisk tilstand vil bli gjort i felt. For økologisk

	<p>sedimenteringsbasseng ved deponiområdet for å kontrollere avrenning. Dermed vil ikkje sedimentering vere en vesentleg verknad av tiltaket. Sigevatn har størst betydning for Botnavika. Av deltemaene under vassmiljø er kjemisk tilstand difor mest relevant.</p> <p>Følgande rapportar er gode kjelde til kunnskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Runde Forsking AS, Resipientundersøking for Ulstein kommune, 2022</li> <li>- Runde Miljøsester, The «Green Corridor», 2009</li> </ul>	<p>tilstand, naturtypar i sjø og arter er eksisterande kunnskap god nok for bruk i konsekvensutgreiinga. Det blir utarbeida eget notat.</p>
Støy	<p>Det er tidlegare gjort en støymåling etter eldre regelverk.</p>	<p>Kartlegging følgjer Miljødirektoratets instruks og vidare KU-metodikk i M-1941. Det blir utarbeida eget notat.</p>

### 4.3. Risiko- og sårbarheitsanalyse

Utredningstema	Leveranse
Skred frå bratt terreng	<p>Området er innanfor aktsemdsområde for skred frå bratt terreng. Skredfarevurdering i tråd med NVE sin rettleiar for utgreiing av sikkerheit mot skred i bratt terreng for sannsyn 1/100, 1/1000 og 1/5000. Skredfareutgreiinga vil bli gjort innanfor planområdet og det blir teikna faresoner. Det blir utarbeida eget notat.</p>

## 4.4. Influensområde

Planområdet omfattar sjølve masseuttaket, deponiområde og tilkomstveg. Influensområdet vil variere noko frå tema til tema i konsekvensutgreiinga, men influensområdet vil gå ut over planområdet. Masseuttaket er mest synleg frå Dimna. Støy kan potensielt ha verknad på et større område. Utsleppsleidning frå reinsing av sigevatn skal plasserast ein stad i fjorden der naturens toleevne er stor nok. For tema samfunn vil etablering av nytt deponi få verknader over Sunnmøre.

## 4.5. Alternativ

I konsekvensutgreiinga skal to ulike alternativ bli samanlikna.

### 4.5.1. Null-alternativet – Vidareføring av gjeldande reguleringsplan

Gjeldande reguleringsplan legg til rette for masseuttak og deponi av reine massar i området.

### 4.5.2. Alternativ 1 – Etablering av deponi

Gjeldande reguleringsplan med masseuttak og deponi blir komplettert med også deponi av ureine massar. Det er også meir aktuelt enn før å legge til rette for gjenbruk av massar. Alternativet forutsett at utslepp frå området skjer kontrollert i tråd med vanlege krav for deponiområder.

## 5. Planprosess, medverknad og framdrift

### 5.1. Informasjon og medverknad

Oppstartsmøte med Ulstein kommune for planarbeidet blei heldt den 02.09.2024.


Offentleg innsyn og medverking i planprosessen blir sikra i følgande prosessar:

- Forslag til planprogram blir lagt ut på høyring i 6 veker samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet. Myndigheiter, parter og naboar som planen vedkjem blir informert i brev. Innspel blir vurdert etter høyringsfrist og planprogram blir omarbeidd og fastsett med politisk vedtak.
- Planforslaget med konsekvensutgreiing blir lagt ut på høyring i minimum 6 veker før sluttbehandling i kommunestyret.

I tillegg vil det gjennom planprosessen bli lagt opp til å sikre medverking gjennom:

- Kontakt med aktuelle offentlege myndigheiter og evt. organisasjonar i samband med utgreiing av ulike tema.
- Andre som gir innspel ol. vil bli kontakta om det er behov for å avklare eller vurdere løysingar.
- Informasjon vil kontinuerleg bli oppdatert på nettsiden til Franzefoss Gjenvinning.
- Allmennheita, aktuelle myndigheiter, partar og naboar vil bli informert når forslaget til reguleringsplan blir lagt ut til offentleg ettersyn.
- Melding om vedtak med klageåtgang vil bli annonsert.

Figur 6



Planprosessen med konsekvensutgreiing. Lyse boksar presenterer ledd i planprosessen med moglegheit å gje innspel til planarbeidet. Svart innramming viser kor ein er i prosessen.

## 5.2. Framdriftsplan

Målet er å ha klart eit planforslag som blir lagt ut til offentlig ettersyn i løpet av hausten 2025.

Aktivitet	Månad og år	Kommentar
Planoppstart og planprogram på høyring	nov 24-jan 25	Vedtak i teknisk utval
Fastsetting av planprogram	feb 25 - mar25	Vedtak i kommunestyret etter innstilling frå teknisk utval.
Regionalt planforum	april 25	
Utarbeiding av planforslag og KU	mars-juli 25	
Underveismøter	Blir utført fortløpande	Med off. myndigheiter og andre rørte
Innsending av komplett plan	august 25	
Planforslag til offentlig ettersyn	des - jan 25	Vedtak i teknisk utval
Merknadsbehandling og omarbeiding av planforslag	feb - mars 26	
Sluttbehandling og endeleg vedtak av planen	mai 26	Vedtak i kommunestyret etter innstilling frå teknisk utval

## 5.3. Andre naudsynte løyve for deponiområdet

Løyve til deponi. Statsforvaltaren er mynde. Søknaden vil bli sendt på høyring. Avsluttingsplan vil bli laget og det vil bli stilt krav om finansiell sikkerheit.

Løyve til masseuttak. Direktoratet for mineralforvaltning er mynde. Eksisterande løyve vil bli brukt. Avsluttingsplan vil bli laget og det vil bli stilt krav om finansiell sikkerheit.

Se også vedlagt Notat om behov og krav.



asplan viak